



Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Vår dato:

20.04.2026

Vår ref:

2022/9520

Dykkar dato:

24.03.2026

Dykkar ref:

202607041-2

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Alf Erik Røyrvik, 5764 3138

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane - Fråsegn til detaljplan for miljø og landskap - rehabilitering av Murane bekkeinntak

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane viser til nemnde detaljplan som vart sendt til oss på høyring og nemnda har følgjande merknader til detaljplanen.

Vi registrerer at det er snakk om betydeleg anleggsarbeid inne i villreinområdet, men når det er på eksisterande infrastruktur, so er det noko som ein må både forvente og akseptere. Arbeidet skal skje ved eksisterande veg kor tilkomst er enkel og det allereie er mykje menneskeleg ferdsel og motorferdsel. Villrein og omsyn til villrein er omtala i detaljplanen på ein tilfredsstillande måte.

Anleggsområdet ligg ikkje i viktig funksjonsområdet for villreinen, men heller ikkje meir enn 1,5 km frå det som er definert som kalvings- og oppvekstområdet. Av omsyn til det området, som er det viktigaste og mest sårbare for ein villreinbestand, oppmodar villreinnemnda om at arbeidet startar so seint som råd, og helst etter 20.juni.

Det står i planen at tiltakshavar skal ha dialog med villreinnemnda undervegs. Den dialogen bør vere med det lokale villreinutvalet (Vest-Jotunheimen villreinutval v/leiar Vidar Moen) sidan dei har best og mest oppdatert lokalkunnskap.

Med helsing

Arne J. Hauge
leiar

Alf Erik Røyrvik
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Arne Hauge
Tlf. 97655147
E-post: arnej-ha@online.no

Sakshandsamar:
Alf Erik Røyrvik
Tlf. 57643138
fmsfalr@statsforvalteren.no